

Utval: **Fylkesutvalet**
Møtestad: Fylkeshuset i Bergen

Dato og tid: 20.04.2016: Møte i fylkesutvalet kl. 11.00-15.15.

21.04.2016: Synfaring og presentasjoner kl. 08.30-10.30, NHO årskonferanse kl. 12.45-16.30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Parti	Merknad
Anne Gine Hestetun	Fylkesordførar	A	
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A	
Mari Klokkerstuen Kjellesvik	Medlem	A	
Helge Nævdal	Medlem	A	
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	Møtte 20.04.
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	21.04: Til kl. 11.30
Nils Marton Aadland	Medlem	H	21.04: Til kl. 11.30
Terje Søviknes	Medlem	Frp	
Silje Hjemdal	Medlem	Frp	20.04: Frå kl. 15.30
Pål Kårbo	Fylkesvaraordførar	KrF	21.04: Til kl. 11.30
Aud Karin Oen	Medlem	SV	21.04: Til kl. 11.30
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG	
Anne-Beth Njærheim	Medlem	V	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Parti
Benthe Bondhus	Medlem	Sp

Følgjande varamedlemer møtte:

Navn	Møtte for	Parti	
Nils T. Bjørke	Benthe Bondhus	Sp	Møtte 20.04. til kl. 15.00
Sigbjørn Framnes	Silje Hjemdal	Frp	Møtte 20.04. til kl. 15.15
Roald Kvamme		A	

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggenheim	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar, fylkessekretariatet
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent, fylkessekretariatet
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar, fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 92/16	Godkjenning møteinnkalling		
PS 93/16	Godkjenning møtebok førre møte		
PS 94/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 59/16	Motorlaboratorium - Rubbestadnes vgs	2016/3379	
RS 60/16	Innspel frå Bømlo næringsråd om motorlaboratorium på Rubbestadneset vgs	2014/14933	
RS 61/16	Status Nye Åsane videregående skole som Vardeprosjekt	2015/9824	
RS 62/16	Utdanning for vaksne. Årsrapport 2015	2016/1944	
RS 63/16	Svar på spørsmål frå Aud Karin Oen vedk. Fana gymnas/tilrettelagte arbeidsplassar	2016/3308	
RS 64/16	Hardangerbrua - status trafikkutvikling og inntekter	2014/16224	
RS 65/16	Åpent brev til Hordaland Fylkeskommune, Bergen Kommune og Skyss	2015/9919	
RS 66/16	Protokoll frå ekstraordinær generalforsamling Bømlo Vegselskap AS	2014/15998	
RS 67/16	Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland. Rapport frå Innovasjon Norge 2015	2015/3644	
RS 68/16	Protokoll årsmøte Samarbeidande Kraftfylke (Kraftfylka)	2014/17464	
RS 69/16	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. april 2016	2015/10348	
RS 70/16	Større saker til politisk behandling 1. halvår 2016 – pr. april	2015/10845	
RS 71/16	Varslingsutvalet - Årsrapport 2015	2016/2330	
PS 95/16	Delegerte saker		
DS 3/16	Fornying av sertifikatlån 441 mill. kr	2016/2314	
DS 4/16	Fornying av sertifikatlån 390 mill. kr	2016/2314	
DS 5/16	Fornying av sertifikatlån 335 mill. kr	2016/2314	
PS 96/16	Vedtak frå Utdanningsdirektoratet - Godkjenning av endring ved Danielsen Intensivgymnas	2015/12460	
PS 97/16	Praksisbrevordninga. Ny høyring om forslag til endring i forskrift til opplæringslova mv	2015/9256	
PS 98/16	Disponering av investeringsmidler opplæringssektoren 2016	2016/1922	
PS 99/16	Snøggbåtruter til Ølen/Utbjøa	2015/557	
PS 100/16	Regional areal- og transportplan - Videre prosess og etablering av ny styringsgruppe	2014/1180	
PS 101/16	Overvatn i byar og tettstader. Fråsegn til NOU 2015:16	2016/1308	
PS 102/16	Høyring av forslag om forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar	2014/495	
PS 103/16	Regional kystsoneplan - Status og vidare framdrift	2014/11042	
PS 104/16	Voss mylna. Vurdering av fylkeskommunal representasjon	2016/3295	
PS 105/16	Forslag om forskrift om freding av Gamle Vossebanen, strekninga Tunestveit-Midttun i Bergen kommune. Høyringsfråsegn	2014/11423	

PS 106/16	Kulturutveksling mellom Hordaland og Covarrubias i Spania	2015/166
PS 107/16	Søknad om løyve til å byggja 4 småkraftverk i Eksingedalen i Vaksdal kommune. Fråsegn.	2015/1935
PS 108/16	Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjer folkehelse i Hordaland	2015/6388
PS 109/16	Nyval til fleire styrande organ	2015/8173
PS 110/16	Val og nyval til Hardangerbrua AS	2015/8173
PS 111/16	Rekneskapsrapport pr. februar 2016.	2016/3053
PS 112/16	Årsmelding 2015 - Klagenemnda	2016/2364
PS 113/16	Årsmelding 2015 Hordaland fylkeskommune	2014/15084
PS 114/16	Ymse	

PS 92/16 Godkjenning møteinkalling

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Fylkesordføraren orienterte om at følgjande ettersendingar var lagt på ePolitiker 19. april:

- Innstillingar frå møtet i KIRU 13. og 14. april
- Vedlegg til PS 110
- Ny sak: PS 115/16

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

PS 93/16 Godkjenning møtebok førre møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Vedtak

Møteprotokollen frå fylkesutvalet 17.03.2016 vart godkjend utan merknader.

PS 94/16 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

I samband med RS 59/16 "Motorlaboratorium - Rubbestadnes vgs" spurde **Anne Beth Njærheim (V)** om det vert vurdert om prosjektet ikkje skal gjennomførast. Fylkesrådmannen svarte at motorlaboratoriet vil verte vurdert i samband med den komande rulleringa av skulebruksplanen.

Mona Røsvik Strømme (H) viste til RS 70/16 "Større saker til politisk behandling 1. halvår 2016 – pr. april." Ho spurde om saka om "KVU Logistikknutepunkt for Bergensområdet" kan behandles i Hordaland fylkeskommune etter at den er behandla i Bergen kommune. Fylkesordføraren påpeikte at fristen for uttale er utsett og at fylkestinget har møte før Bergen bystyre. Det vert arbeidd med å finne ein prosess for å koordinere innspela frå fylkeskommunen og Bergen kommune.

I samband med RS 63/16 "Svar på spørsmål frå Aud Karin Oen vedk. Fana gymnas/tilrettelagte arbeidsplassar" viste **Aud Karin Oen (SV)** til diskusjon i fylkestinget om problemstillinga knytt til vidare kantinedrift ein annan stad og ho etterlyste tiltak. **Anne Beth Njærheim (V)** opplyste at utval for opplæring og helse i møtet 20.04.2016 vedtok at RS 19/16 skal leggjast fram som sak i neste møte i utvalet. Her vil det m.a. verte presentert ein oversikt over kvar Hordaland fylkeskommune nyttar seg av VTA-plassar.

Sigbjørn Framnes (Frp) viste til RS 64/16 "Hardangerbrua - status trafikkutvikling og inntekter" og spurde om bomengeselskapa er gjort merksame på at bubar fra april 2016 er definerte som småbilar og ikkje store køyretøy som tidlegare. Dette kan gje innverknad på inntektene. Fylkesrådmannen merka seg dette.

PS 95/16 Delegerete saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Vedtak

Delegerete saker 3-5/16 vart refererte.

PS 96/16 Vedtak frå Utdanningsdirektoratet - Godkjenning av endring ved Danielsen Intensivgymnas

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune klagar på vedtaket frå Utdanningsdirektoratet om å godkjenne søknaden om endring ved Danielsen Intensivgymnas med den grunngjevinga som går fram av saksframlegget.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.04.2016

Dan Stian Femoen (H) sett fram slikt forslag på vegner av H, FrP og KrF:

"Utvalg for opplæring og helse støtter vurderingen til Utdanningsdirektoratet. Utvalget vil ikke påklage vedtaket."

Røysting

Fylkesrådmannen si innstilling vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 7 røyster (H, FrP, KrF, MDG) for Femoen sitt forslag.

Innstilling til fylkesutvalet

Hordaland fylkeskommune klagar på vedtaket frå Utdanningsdirektoratet om å godkjenne søknaden om endring ved Danielsen Intensivgymnas med den grunngjevinga som går fram av saksframlegget.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Silja Ekeland Bjørkly (H) sett fram slikt forslag:

"Fylkesutvalget støtter vurderingen til Utdanningsdirektoratet. Utvalget vil ikke påklage vedtaket."

Røysting

Bjørkly sitt forslag fekk 7 røyster (H, Frp, MDG, KrF) og fall.
Innstillinga fekk 8 røyster (A, Sp, SV, V) og vart vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune klagar på vedtaket frå Utdanningsdirektoratet om å godkjenne søknaden om endring ved Danielsen Intensivgymnas med den grunngjevinga som går fram av saksframlegget.

PS 97/16 Praksisbrevordninga. Ny høyring om forslag til endring i forskrift til opplæringslova mv

Forslag til innstilling:

Fylkesutvalet vedtek høyringssvar om endringar i opplæringslova i tråd med saksframstillinga her.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 05.04.2016

Roger Pilskog/Tom Knudsen sette fram følgjande forslag på vegne av NHO/LO:

Yrkesopplæringsnemnda er uenig i at praksisbrevordning skal etableres som et søkbart tilbud.

Det vises til at videregående skole og mange lærefag har en rekke utfordringer. En betydelig andel av utfordringen skyldes at mange elever ikke er tilstrekkelig kvalifisert fra grunnskolen til videregående opplæring. Dette kan ikke løses med å opprette nye søkbare tilbud i videregående skole, som både kan stigmatisere ungdom, og undergrave den ordinære opplæringen.

I høringen beskrives målgruppen som "elever med svake skoleresultater fra ungdomsskolen som trolig vil ha problemer med videregående opplæring". Yrkesopplæringsnemnda er enig i at praksisbrevordning kan være en god mulighet for denne målgruppen.

Å tilrettelegge for slik opplæring vil kreve samhandling mellom ungdomsskoler og videregående skoler, og ikke minst det aktuelle arbeidslivet som skal bidra. Ungdom som ønsker eller motiveres til slik opplæring, vil ha dårlige karakterer, men kan likevel ha mange kvaliteter som egner seg for arbeidslivet.

Derfor må karriereveiledning på ungdomstrinnet gi særlig og tydelig informasjon om tilbuddet, og inntaksmodellen må baseres på intervju, ikke poeng.

For praksisbrev kandidater må det presiseres status for den enkelte, med hensyn til å være elev eller praksisbrevkandidat, og hva innvirkning dette har for generelle elevrettigheter og vilkår under opplæring i bedrift.

Yrkesopplæringsnemnda må også involveres i hvilke fag det skal opprettes tilbud, og videre utvikling av læreplaner, samt andre spørsmål knyttet til innføring av et tilbud.

Yrkesopplæringsnemnda mener også at erfaringene med en slik ordning må evalueres innenfor en ramme av tre til fem år.

Forøvrig er nemnda enige i fylkesrådmannens vurdering.

Røysting

Pilskog/Knudsen sitt forslag vart samrøystes vedteke

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda:

Yrkesopplæringsnemnda støttar fylkesrådmannens innstilling med følgjande merknad:

Yrkesopplæringsnemnda er uenig i at praksisbrevordning skal etablerast som et søkbart tilbod.

Det vises til at videregående skole og mange lærefag har en rekke utfordringer. En betydelig andel av utfordringane skyldast at mange elever ikke er tilstrekkelig kvalifisert fra grunnskolen til videregående opplæring. Dette kan ikke løsast med å opprette nye søkbare tilbod i videregående skole, som både kan stigmatisere ungdom, og undergrave den ordinære opplæringa.

I høringen beskrives målgruppen som "elever med svake skoleresultater fra ungdomsskolen som trolig vil ha problemer med videregående opplæring". Yrkesopplæringsnemnda er enig i at praksisbrevordning kan være en god mulighet for denne målgruppen.

Å tilrettelegge for slik opplæring vil krevje samhandling mellom ungdomsskoler og videregående skoler, og ikke minst det aktuelle arbeidslivet som skal bidra. Ungdom som ønsker eller motiverast til slik opplæring, vil ha dårlige karakterar, men kan likevel ha mange kvaliteter som egner seg for arbeidslivet.

Derfor må karriereveiledning på ungdomstrinnet gi særlig og tydelig informasjon om tilbodet, og inntaksmodellen må baserast på intervju, ikke poeng.

For praksisbrev kandidatar må det presiserast status for den enkelte, med hensyn til å være elev eller praksisbrevkandidat, og hva innvirkning dette har for generelle elevrettigheter og vilkår under opplæring i bedrift.

Yrkesopplæringsnemnda må også involverast i kva fag det skal oppretta tilbod, og vidare utvikling av læreplaner, samt andre spørsmål knytta til innføring av et tilbod.

Yrkesopplæringsnemnda mener også at erfaringane med en slik ordning må evaluerast innanfor en ramme av tre til fem år.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.04.2016

Tor Andre Ljosland (KrF) sette fram slikt forslag på vegner av R, SV, A, Sp, KrF, MDG, V, H og FrP:

"Endring:
Punkt 4.4.3
Fylkeskommunen bør ha ansvaret for formidling av søkerar til lærebedrift."

Alexander Fosse Andersen (Sp) sette fram slikt forslag på vegner av R, SV, A, Sp, KrF, MDG, V, H og FrP:

"Tillegg:
Fylkesutvalet ynskjer ein inntaksmodell som er basert på intervju.

Fylkesutvalet ynskjer framleis evaluering av praksisbrevordninga."

Røysting

Innstillinga med Ljosland og Fosse Andersen sine forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtek høyringssvar om endringar i opplæringslova i tråd med saksframstillinga, med slike endringar:

Endring:
Punkt 4.4.3
Fylkeskommunen bør ha ansvaret for formidling av søkerar til lærebedrift.

Tillegg:
Fylkesutvalet ynskjer ein inntaksmodell som er basert på intervju.

Tillegg:
Fylkesutvalet ynskjer framleis evaluering av praksisbrevordninga.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Innstillinga vart samråystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek høyringssvar om endringar i opplæringslova i tråd med saksframstillinga, med slike endringar:

Endring:
Punkt 4.4.3

Fylkeskommunen bør ha ansvaret for formidling av søkerar til lærebedrift.

Tillegg:

Fylkesutvalet ynskjer ein inntaksmodell som er basert på intervju.

Tillegg:

Fylkesutvalet ynskjer framleis evaluering av praksisbrevordninga.

PS 98/16 Disponering av investeringsmidler opplæringssektoren 2016

Forslag til innstilling

Investeringsmidlar for 2016 til opplæringssektoren vert fordelt slik:

1. Oppfølging av skolebruksplan – tiltak	5,00 mill. kr
2. Utstyrsmidlar vidaregåande skular	18,64 mill. kr
3. Utstyrsmidlar fagskulalar	1,36 mill. kr
4. IT og telefoni	9,50 mill. kr
5. <u>Reinhaltsutstyr</u>	<u>0,50 mill. kr</u>
6. <u>Totalt</u>	<u>35,00 mill. kr</u>

Dersom midlane til eitt av områda ovanfor ikkje vert nytta fullt ut, vil fylkesdirektør opplæring omprioritere midlane til område der det er større behov.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.04.2016

Rasmus Rasmussen (A) sette fram slikt forslag (a):

"Utval for opplæring og helse tek saka til orientering".

Rasmus Rasmussen (A) sette fram slikt forslag (b):

"Utval for opplæring og helse ber fylkesutvalet om å særleg vurdere om summen som er sett av til utstyrsmidlar til fagskulane er høg nok."

Røysting

Rasmussen sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.
Rasmussen sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for opplæring og helse ber fylkesutvalet om å særleg vurdere om summen som er sett av til utstyrsmidlar til fagskulane er høg nok.

Innstilling til fylkesutvalet

Utval for opplæring og helse tek saka til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Roald Kvamme (A) stilte spørsmål om han var ugild fordi han er leiar i Hordaland fagskulestyre.
Kvamme gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var ugild. Fylkesutvalet vedtok mot 1 røyst (MDG) at Roald Kvamme ikkje var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Roald Kvamme tiltredde saksbehandlinga.

Terje Søviknes (Frp) sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

"Oppfølging av skolebruksplan	kr	4,00 mill.
Utstyr vg skoler	kr	15,00 mill.
IT og telefoni	kr	8,00 mill.

Renhold	kr	0,50 mill.
Fagskoler	kr	7,50 mill.
	kr	35,00 mill."

Pål Kårø (KrF) sette på vegner av KrF, A, Sp, og SV fram slikt forslag (a):

"Fylkesrådmannen sitt forslag, med slik endring:

Utstyrsmidlar fagskulular vert auka med 2,0 mill.

I første omgang vert dette dekt inn mot Hordaland fylkeskommune sitt disposisjonsfond. Summen på 2,0 mill. vil i samband med disponering av resultatet for 2015 verte tilbakeført."

Roald Kvamme (A) sette på vegner av A, KrF, SV og Sp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen.

"Fagskolane i Hordaland

Fylkesutvalet syner til tidligare vedtak knytt til Fagskolane i Hordaland mellom anna målsettinga om samanslåing av fagskulane til ein teknisk og maritim fagskule og ein helsefagskule samt at eigarskapet også i framtida skal leggast til det regionale nivået.

Fagskuleutdanninga og organiseringa av denne er i endring og det vert lagt fram ei stortingsmelding om fagskulane innan kort tid. Meldinga vil ta opp viktige utfordringar for denne utdanninga mellom anna kvalitet, eigarskap, styresamansetting, studieretningar, tilknyting til høgare utdanning, finansiering, ansvar og drift.

Som eigar av "Fagskolane i Hordaland" må fylkeskommunen vera godt budd på å møte desse utfordringane. Fylkesutvalet vil be administrasjonen utarbeida ei sak der utfordringar og muligheter for Fagskolane i Hordaland vert grundig utgreidd slik at ein kan møta nye krav frå sentrale myndigheter. Ein skal sjå særskilt på finansieringa av fagskulane i dette arbeidet.

Arbeidet skal også sjåast i samanheng med den pågående utgreiinga av den nye regionreforma."

Terje Søviknes trekte forslaget sitt. **Pål Kårø** trekte sitt forslag (a).

Pål Kårø sette på vegner av KrF, A, Sp, KrF, MDG, V, Frp og H fram slikt forslag (b):

"Investeringsmidlar for 2016 til opplæringssektoren vert fordelt slik:

1. Oppfølging av skulebruksplan – tiltak	5,00 mill. kr
2. Utstyrsmidlar vidaregåande skular	17,00 mill. kr
3. Utstyrsmidlar fagskulular	5,00 mill. kr
4. IT og telefoni	9,50 mill. kr
5. <u>Reinhaldsutstyr</u>	<u>0,50 mill. kr</u>
6. <u>Totalt</u>	<u>37,00 mill. kr</u>

I første omgang vert 2,0 mill. dekt inn mot Hordaland fylkeskommune sitt disposisjonsfond. Summen vil i samband med disponering av resultatet for 2015 verte tilbakeført.

Dersom midlane til eitt av områda ovanfor ikkje vert nytta fullt ut, vil fylkesdirektør opplæring omprioritere midlane til område der det er større behov."

Røysting

Kårø sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke.

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillerane utan realitetsbehandling.

Vedtak

Investeringsmidlar for 2016 til opplæringssektoren vert fordelt slik:

1. Oppfølging av skulebruksplan – tiltak	5,00 mill. kr
2. Utstyrsmidlar vidaregåande skular	17,00 mill. kr
3. Utstyrsmidlar fagskular	5,00 mill. kr
4. IT og telefoni	9,50 mill. kr
5. <u>Reinhaldsutstyr</u>	0,50 mill. kr
6. <u>Totalt</u>	<u>37,00 mill. kr</u>

I første omgang vert 2,0 mill. dekt inn mot Hordaland fylkeskommune sitt disposisjonsfond. Summen vil i samband med disponering av resultatet for 2015 verte tilbakeført.

Dersom midlane til eitt av områda ovanfor ikkje vert nytta fullt ut, vil fylkesdirektør opplæring omprioritere midlane til område der det er større behov.

PS 99/16 Snøggbåtruter til Ølen/Utbjoa

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet er nøgd at det er inngått ein avtale med Rogaland fylkeskommune, som gir grunnlag for framleis drift av snøggbåttilbod mellom Leirvik og Ølen/Utbjoa.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.04.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet er nøgd med at det er inngått ein avtale med Rogaland fylkeskommune, som gir grunnlag for framleis drift av snøggbåttilbod mellom Leirvik og Ølen/Utbjoa.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet er nøgd med at det er inngått ein avtale med Rogaland fylkeskommune, som gir grunnlag for framleis drift av snøggbåttilbod mellom Leirvik og Ølen/Utbjoa.

PS 100/16 Regional areal- og transportplan - Videre prosess og etablering av ny styringsgruppe

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet ber fylkesordførar om å opprette ei politisk styringsgruppe med deltagarar frå alle kommunane.
2. Fylkesutvalet vel fylkesordførar som leiar av styringsgruppa og gruppeleiarane på fylkestinget som representantar i styringsgruppa.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet ber fylkesordførar om å opprette ei politisk styringsgruppe med deltagarar frå alle kommunane.
2. Fylkesutvalet vel fylkesordførar som leiar av styringsgruppa og gruppeleiarane på fylkestinget som representantar i styringsgruppa.

PS 101/16 Overvatn i byar og tettstader. Fråsegn til NOU 2015:16

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkesutval meiner at NOU 2015:16 Overvann i byer og tettsteder gir ei god oversikt over utfordringane med auka overvatn.
2. Fylkesutvalet er positiv til at handtering av overvatn vert forankra i kommunane og at deira mynde vert styrka gjennom endringar i plan- og bygningslova.
3. Fylkesutvalet er positiv til at auka kostnader for kommunane skal kunne gebyrfinansierast. Den økonomiske ansvarsbyrden bør likevel kunne fordelast på fleire aktørar enn kommunane.
4. For å sikre at handtering av overvatn vert tatt med i planlegginga av veganlegg, bør ein vurdere å ta det inn som ei føresegn i PBL. Statens vegvesen sine handbøker bør i større grad enn i dag sette krav/kriteria til korleis overvatn på vegane skal handterast.
5. Det er behov for meir kompetanse i kommunesektoren på handtering av overvatn. Eit opplegg for opplæring må inkluderast i det vidare arbeidet frå departementet si side.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.04.2016

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

Å oppretthalde naturleg vegetasjon og naturlege vassvegar er noko av det viktigaste ein kan gjere for å minske flaumfaren. Det betyr at ein må ivareta og oppretthalde vern av vassdrag, ivareta flaummarksskog og vegetasjon elles, samt sikre dreneringsforløpa. Restaurering av våtmark og vassdrag vil kunne bidra i denne samanhengen."

Røysting

Hammer sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

Innstillinga med Hammer sitt forslag vart samråystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkesutval meiner at NOU 2015:16 Overvann i byer og tettsteder gir ei god oversikt over utfordringane med auka overvatn.
2. Fylkesutvalet er positiv til at handtering av overvatn vert forankra i kommunane og at deira mynde vert styrka gjennom endringar i plan- og bygningslova.
3. Fylkesutvalet er positiv til at auka kostnader for kommunane skal kunne gebyrfinansierast. Den økonomiske ansvarsbyrda bør likevel kunne fordelast på fleire aktørar enn kommunane.
4. For å sikre at handtering av overvatn vert tatt med i planlegginga av veganlegg, bør ein vurdere å ta det inn som ei føresegn i PBL. Statens vegvesen sine handbøker bør i større grad enn i dag sette krav/kriteria til korleis overvatn på vegane skal handterast.
5. Det er behov for meir kompetanse i kommunesektoren på handtering av overvatn. Eit opplegg for opplæring må inkluderast i det vidare arbeidet frå departementet si side.
6. Å oppretthalde naturleg vegetasjon og naturlege vassvegar er noko av det viktigaste ein kan gjere for å minske flaumfaren. Det betyr at ein må ivareta og oppretthalde vern av vassdrag, ivareta

flaummarksskog og vegetasjon elles, samt sikre dreneringsforløpa. Restaurering av våtmark og vassdrag vil kunne bidra i denne samanhengen.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.04.2016

Kjell Håland (A) sette på vegner av A, KrF og Sp fram slikt forslag:

"Nytt punkt 6:

Å oppretthalde naturleg vegetasjon og naturlege vassvegar er noko av det viktigaste ein kan gjere for å minske flaumfaren. Det betyr at ein må ivareta og oppretthalde vern av vassdrag, ivareta flaummarksskog og vegetasjon elles, samt sikre dreneringsforløpa. Restaurering av våtmark og vassdrag vil kunne bidra i denne samanhengen."

Røysting

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.
Håland sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 8 røyster (A, KrF, SP, V).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkesutval meiner at NOU 2015:16 Overvann i byer og tettsteder gir ei god oversikt over utfordringane med auka overvatn.
2. Fylkesutvalet er positiv til at handtering av overvatn vert forankra i kommunane og at deira mynde vert styrka gjennom endringar i plan- og bygningslova.
3. Fylkesutvalet er positiv til at auka kostnader for kommunane skal kunne gebyrfinansierast. Den økonomiske ansvarsbyrda bør likevel kunne fordelast på fleire aktørar enn kommunane.
4. For å sikre at handtering av overvatn vert tatt med i planlegginga av veganlegg, bør ein vurdere å ta det inn som ei føresegn i PBL. Statens vegvesen sine handbøker bør i større grad enn i dag sette krav/kriteria til korleis overvatn på vegane skal handterast.
5. Det er behov for meir kompetanse i kommunesektoren på handtering av overvatn. Eit opplegg for opplæring må inkluderast i det vidare arbeidet frå departementet si side.
6. Å oppretthalde naturleg vegetasjon og naturlege vassvegar er noko av det viktigaste ein kan gjere for å minske flaumfaren. Det betyr at ein må ivareta og oppretthalde vern av vassdrag, ivareta flaummarksskog og vegetasjon elles, samt sikre dreneringsforløpa. Restaurering av våtmark og vassdrag vil kunne bidra i denne samanhengen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Røysting

Innstillinga punkt 1-5 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 6 vart vedteken mot 5 røyster (H, Frp).

Vedtak

1. Hordaland fylkesutval meiner at NOU 2015:16 Overvann i byer og tettsteder gir ei god oversikt over utfordringane med auka overvatn.
2. Fylkesutvalet er positiv til at handtering av overvatn vert forankra i kommunane og at deira mynde vert styrka gjennom endringar i plan- og bygningslova.
3. Fylkesutvalet er positiv til at auka kostnader for kommunane skal kunne gebyrfinansierast. Den økonomiske ansvarsbyrda bør likevel kunne fordelast på fleire aktørar enn kommunane.
4. For å sikre at handtering av overvatn vert tatt med i planlegginga av veganlegg, bør ein vurdere å ta det inn som ei føresegn i PBL. Statens vegvesen sine handbøker bør i større grad enn i dag sette krav/kriteria til korleis overvatn på vegane skal handterast.

5. Det er behov for meir kompetanse i kommunesektoren på handtering av overvatn. Eit opplegg for opplæring må inkluderast i det vidare arbeidet frå departementet si side.
6. Å oppretthalde naturleg vegetasjon og naturlege vassvegar er noko av det viktigaste ein kan gjere for å minske flaumfaren. Det betyr at ein må ivareta og oppretthalde vern av vassdrag, ivareta flaummarksskog og vegetasjon elles, samt sikre dreneringsforløpa. Restaurering av våtmark og vassdrag vil kunne bidra i denne samanhengen.

PS 102/16 Høyring av forslag om forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Turøyvarden i Fjell kommune. Varden er eit representativt døme på ein viktig type kulturminne i Hordaland og langs den norske kysten.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.04.2016

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Turøyvarden i Fjell kommune. Varden er eit representativt døme på ein viktig type kulturminne i Hordaland og langs den norske kysten.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Turøyvarden i Fjell kommune. Varden er eit representativt døme på ein viktig type kulturminne i Hordaland og langs den norske kysten.

PS 103/16 Regional kystsoneplan - Status og vidare framdrift

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet ber om at det blir etablert ei ny styringsgruppe med to medlemmar frå Fylkeskommunen, to frå Samarbeidsrådet sine medlemmar og ein frå kommunane Fusa, Kvam eller Jondal. Det vert opna for representasjon frå Vindafjord kommune/Rogaland fylkeskommune.
2. Fylkesutvalet oppnemner 2 medlemmer til styringsgruppa frå fylkestinget; ein av desse som leiar:
Leiar: Medlem:

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Mona Røsvik Strømme (H) gjorde framlegg om Anne Beth Njærheim som medlem i styringsgruppa for regional kystsoneplan.

Roald Kvamme (A) gjorde framlegg om Kjell Håland som leiar.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med forslaga frå Strømme og Kvamme vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet ber om at det blir etablert ei ny styringsgruppe med to medlemmer frå fylkeskommunen, to frå Samarbeidsrådet sine medlemmer og ein frå kommunane Fusa, Kvam eller Jondal. Det vert opna for representasjon frå Vindafjord kommune/Rogaland fylkeskommune.
2. Fylkesutvalet oppnemner 2 medlemmer til styringsgruppa frå fylkestinget; ein av desse som leiar:

Leiar: Kjell Håland

Medlem: Anne Beth Njærheim

PS 104/16 Voss mylna. Vurdering av fylkeskommunal representasjon

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ser ikkje at det er faglege eller strategiske argument for at fylkeskommunen skal vere representert i styret i Voss Mylna.
2. Hordaland fylkeskommune seier frå seg retten til å få oppnemnt eit styremedlem i stiftinga Voss Mylna.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.04.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ser ikkje at det er faglege eller strategiske argument for at fylkeskommunen skal vere representert i styret i Voss Mylna.
2. Hordaland fylkeskommune seier frå seg retten til å få oppnemnt eit styremedlem i stiftinga Voss Mylna.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet ser ikkje at det er faglege eller strategiske argument for at fylkeskommunen skal vere representert i styret i Voss Mylna.
2. Hordaland fylkeskommune seier frå seg retten til å få oppnemnt eit styremedlem i stiftinga Voss Mylna.

PS 105/16 Forslag om forskrift om freding av Gamle Vossebanen, strekninga Tunestveit-Midttun i Bergen kommune. Høyringsfråsegn

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Gamle Vossebanen, strekninga Tunestveit-Midttun i Bergen kommune. Fredinga vil sikra ein kulturhistorisk særskilt verdifull jernbanestrekning.
2. Fylkesutvalet støttar at forvaltingsmyndet etter kulturminnelova for Gamle Vossebanen vert delegert til Hordaland fylkeskommune, slik det er foreslått.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.04.2016

Olav Kvinge (H) sette på vegner av H, Frp og V fram slikt forslag:

"Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at denne saka vert utsett til Bergen kommune sin uttale ligg føre."

Røysting (forslaget om utsetjing)

Kvinge sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at denne saka vert utsett til Bergen kommune sin uttale ligg føre.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Vedtak

Saka vart utsett i utval for kultur, idrett og regional utvikling, og vart difor ikkje behandla av fylkesutvalet.

PS 106/16 Kulturutveksling mellom Hordaland og Covarrubias i Spania

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet går inn for igangsetting av kulturutveksling med Covarrubias som skissert i saka.
2. Fylkesutvalet godkjenner skissa til retningsliner for kulturutvekslinga nemnd i førre punkt.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.04.2016

Geir Kjell Andersland (V) sette på vegner av V, A, Sp, KrF, Frp og H fram slikt forslag:

"Nytt punkt 3:

Fylkesutvalet ber om at utval for kultur, idrett og regional utvikling får årleg rapportering om kulturutvekslinga."

Røysting

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag med Andersland sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet går inn for igangsetting av kulturutveksling med Covarrubias som skissert i saka.
2. Fylkesutvalet godkjenner skissa til retningsliner for kulturutvekslinga nemnd i førre punkt.
3. Fylkesutvalet ber om at utval for kultur, idrett og regional utvikling får årleg rapportering om kulturutvekslinga.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet går inn for igangsetting av kulturutveksling med Covarrubias som skissert i saka.
2. Fylkesutvalet godkjenner skissa til retningsliner for kulturutvekslinga nemnd i førre punkt.

3. Fylkesutvalet ber om at utval for kultur, idrett og regional utvikling får årleg rapportering om kulturutvekslinga.

PS 107/16 Søknad om løyve til å byggja 4 småkraftverk i Eksingedalen i Vaksdal kommune. Fråsegn.

Forslag til innstilling

Fjellfossen kraftverk

1. Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi, leveområde for villrein av stor verdi, friluftsretta reiseliv av stor verdi og samla belastning for området, rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Fjellfossen kraftverk.

Nonstadgilet kraftverk

2. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Nonstadgilet kraftverk.
3. Som avbøtande tiltak bør NVE vurdera å krevja tunnel for vassvegen til kraftverket.
4. Landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar, minst mogleg utsprenging i traséane og rask revegetering på stadleg masse må ha høg prioritet i prosjektet.
5. Av omsyn til villrein må støydempande tiltak vektleggjast.

Steinsedalselvi kraftverk

6. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Steinsedalselvi kraftverk.
7. Av omsyn til sårbart høgfjellsområde av stor verdi, leveområde for villrein av stor verdi og samla belastning for området, rår Hordaland fylkeskommune frå konsesjon for inntak 3.
8. Tilførselsvegen til kraftstasjonen må i størt mogleg grad vera landskapstilpassa utan store synlege skjeringar og fyllingar.
9. Alternativ bruk av tunnelmassar framfor massedeponi i tiltaksområdet bør vurderast.
10. Landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar, minst mogleg utsprenging i traséane og rask revegetering på stadleg masse må ha høg prioritet i prosjektet.
11. Av omsyn til villrein må støydempande tiltak vektleggjast.

Leirofossen kraftverk

12. Av omsyn til friluftsretta reiseliv av stor verdi og samla belastning for området, rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Leirofossen kraftverk.
13. I samband med konsesjon og utbygging av småkraftverka Fjellfossen, Steinsedalselvi og Leirofossen må kulturminneverdiane vera avklart etter kulturminnelova § 9.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.04.2016

Kjell Håland (A) sette på vegner av A, KrF og Sp fram slikt forslag:

"Utval for kultur, idrett og regional utvikling utset saka til neste møte 10. mai 2016.

Grunngjeving:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling skal fatte vedtak på sjølvstendig grunnlag, men det er likevel nyttig å ha kjennskap til kommunen sitt syn på saka, og utval for kultur, idrett og regional utvikling vil difor avvente deira behandling."

Røysting (forslaget om utsetjing)

Håland sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Utval for kultur, idrett og regional utvikling utset saka til neste møte 10. mai 2016.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Vedtak

Saka vart utsett i utval for kultur, idrett og regional utvikling, og vart difor ikkje behandla av fylkesutvalet.

PS 108/16 Nær miljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune tek regionalt prosjektansvar knytt til det nasjonale prosjektet; "kartlegging og utviklingsprosjektet Nær miljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse 2015/16 til 2018", gjennom deltaking i samarbeid med kommunane Askøy, Børmlø, Fjell og Stord.
2. Hordaland fylkeskommune bidreg i prosjektet med prosjektleiing, gjennom eigeninnsats i prosjektperioden. Fylkeskommunal delfinansiering for 2015/2016 på kr 400 000,- vert dekt innafor vedteken budsjetttramme, ansvar 160324; folkehelsearbeid.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.04.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune tek regionalt prosjektansvar knytt til det nasjonale prosjektet; "kartlegging og utviklingsprosjektet Nær miljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse 2015/16 til 2018", gjennom deltaking i samarbeid med kommunane Askøy, Børmlø, Fjell og Stord.
2. Hordaland fylkeskommune bidreg i prosjektet med prosjektleiing, gjennom eigeninnsats i prosjektperioden. Fylkeskommunal delfinansiering for 2015/2016 på kr 400 000,- vert dekt innafor vedteken budsjetttramme, ansvar 160324; folkehelsearbeid.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.04.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune tek regionalt prosjektansvar knytt til det nasjonale prosjektet; "kartlegging og utviklingsprosjektet Nær miljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse 2015/16 til 2018", gjennom deltaking i samarbeid med kommunane Askøy, Børmlø, Fjell og Stord.
2. Hordaland fylkeskommune bidreg i prosjektet med prosjektleiing, gjennom eigeninnsats i prosjektperioden. Fylkeskommunal delfinansiering for 2015/2016 på kr 400 000,- vert dekt innafor vedteken budsjetttramme, ansvar 160324; folkehelsearbeid.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.04.2016

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune tek regionalt prosjektansvar knytt til det nasjonale prosjektet; "kartlegging og utviklingsprosjektet Nær miljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse 2015/16 til 2018", gjennom deltaking i samarbeid med kommunane Askøy, Børmlø, Fjell og Stord.

2. Hordaland fylkeskommune bidreg i prosjektet med prosjektleiing, gjennom eigeninnsats i prosjektperioden. Fylkeskommunal delfinansiering for 2015/2016 på kr 400 000,- vert dekt innafor vedteken budsjetttramme, ansvar 160324; folkehelsearbeid.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Anne Beth Njærheim (V) stilte spørsmål om ho var ugild fordi ho er prosjektleiar for dette prosjektet i Bømlo kommune. Njærheim gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var ugild. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Anne Beth Njærheim var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Anne Beth Njærheim gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune tek regionalt prosjektansvar knytt til det nasjonale prosjektet; "kartlegging og utviklingsprosjektet Nær miljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse 2015/16 til 2018", gjennom deltaking i samarbeid med kommunane Askøy, Bømlo, Fjell og Stord.
2. Hordaland fylkeskommune bidreg i prosjektet med prosjektleiing, gjennom eigeninnsats i prosjektperioden. Fylkeskommunal delfinansiering for 2015/2016 på kr 400 000,- vert dekt innafor vedteken budsjetttramme, ansvar 160324; folkehelsearbeid.

PS 109/16 Nyval til fleire styrande organ

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet gjer slike val:

- Medlem i styret i Grieghallen AS:
- Medlem i Business Region Bergen:
- Medlem i valnemnda i Hardanger AKS:
- Medlem i valnemnda i Nordhordland Industriservice AS:
- Medlem i valnemnda i Opero AS:
- Medlem i valnemnda i Kveik AS:
- Medlem i valnemnda i Ungt Entreprenørskap:

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Roald Kvamme (A) sette på vegner av A, Sp, KrF og SV fram slikt forslag:

Medlem i styret i Grieghallen AS: Kari Foseid Aakre

Medlem i Business Region Bergen: Roald Kvamme

Medlem i valnemnda i Hardanger AKS: Roald Kvamme

Medlem i valnemnda i Nordhordland Industriservice AS: Roald Kvamme

Medlem i valnemnda i Opero AS: Roald Kvamme

Medlem i valnemnda i Kveik AS: Roald Kvamme

Medlem i valnemnda i Ungt Entreprenørskap: Roald Kvamme

Røysting

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet gjer slike val:

- Medlem i styret i Grieghallen AS: Kari Foseid Aakre
- Medlem i Business Region Bergen: Roald Kvamme
- Medlem i valnemnda i Hardanger AKS: Roald Kvamme
- Medlem i valnemnda i Nordhordland Industriservice AS: Roald Kvamme
- Medlem i valnemnda i Opero AS: Roald Kvamme

- Medlem i valnemnda i Kveik AS: Roald Kvamme
- Medlem i valnemnda i Ugt Entreprenørskap: Roald Kvamme

PS 110/16 Val og nyval til Hardangerbrua AS

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet gjer slike val:

1. Medlemer til valnemnda i Hardangerbrua AS:
 1.
 2.
2. Forslag til medlemer i styret i Hardangerbrua AS:
 1.
 2.
 3.
 4.

Forslag til leiar for styret i Hardangerbrua AS:

Forslag til varamedlemer til styret i Hardangerbrua AS:

1.
2.
3.
4.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Pål Kårbø (KrF) sette fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet rår til at Hardangerbrua AS får eit styre på 5 medlemer og 5 personlege varamedlemer.

Medlem til valnemnda i Hardangerbrua AS:

1. Roald Kvamme (A)
2. Mona Røsvik Strømme (H)"

Roald Kvamme (A) sette på vegner av A, Sp, KrF og SV fram slikt forslag:

"Jonny Håvik (A) er tidlegare vald som medlem i styret for Hardangerbrua AS. I samband med at han er flytta ut av fylket, vert det gjort slikt nyval:

Øyvind Hardeland (A) erstattar Jonny Håvik som medlem i styret for Hardangerbrua AS.
Kari Sørensen Bernardini (A) erstattar Øyvind Hardeland som varamedlem i styret."

Røysting

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet rår til at Hardangerbrua AS får eit styre på 5 medlemer og 5 personlege varamedlemer.

Fylkesutvalet gjer slike val:

1. Medlemer til valnemnda i Hardangerbrua AS:
 1. *Roald Kvamme - A*
 2. *Mona Røsvik Strømme - H*

2. Forslag til medlemer i styret i Hardangerbrua AS:

1. Øyvind Hardeland - A
2. Solfrid Borge - Sp¹⁾
3. Einar Lutro - H¹⁾

Forslag til leiar for styret i Hardangerbrua AS: Solfrid Borge - Sp¹⁾

Forslag til varamedlemer til styret i Hardangerbrua AS:

1. Kari Sørensen Bernardini - A
2. Torill Selsvold Nyborg - KrF¹⁾
3. Stein Inge Ryssdal - H¹⁾

¹⁾ Jf. PS 97/15 i fylkestinget 08.12.2015.

PS 111/16 Rekneskapsrapport pr. februar 2016.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. februar 2016 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. februar 2016 til orientering.

PS 112/16 Årsmelding 2015 - Klagenemnda

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Årsmelding 2015 for klagenemnda til orientering.

Saksprotokoll i klagenemnda - 15.03.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget tek Årsmelding 2015 for klagenemnda til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek Årsmelding 2015 for klagenemnda til orientering.

PS 113/16 Årsmelding 2015 Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek "Årsmelding 2015 Hordaland fylkeskommune" til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek "Årsmelding 2015 Hordaland fylkeskommune" til orientering.

PS 114/16 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20. og 21.04.2016

20.04.2016

Fylkesutvalet sitt møte opna med minnestund for avdøde Sveinung Valle. Fylkesordføraren heldt minnetale.

Sakene vart behandla i slik rekjkjefølgje: PS 96-102, 104-106, 103, 107-115/16.

YMSE

Mona Røsvik Strømme (H) hadde sendt inn slikt spørsmål i samband med PS 111/16 "Rekneskapsrapport pr. februar 2016":

"Bergen kommune har hatt en skattesvikt på 80 millioner hittil i år. Hvordan ligger det an til for HFK?"

Fylkesrådmannen svarte slik:

"Kort om HFK sin skatteinngang pr. 1. kvartal 2016"

Fylkesrådmannen syner til økonomirapport pr. februar som vert framlagd for fylkesutvalet. Her vert det fortalt at skatteområdet meldt om at skatteinngangen er 10 mill. kr lågare enn budsjett.

Denne veka kom skattetala for mars, og tala stadfestar ein skattesvikt for HFK så langt i 2016. Underskotet for HFK på skatteområdet er etter 1. kvartal på 13 mill. kr.

Fylkesrådmannen vil følgja utviklinga i HFK sine skattetal nøyde. Den vidare utviklinga i konjunktur og arbeidsløyse gjennom 2016 vil påverka skatteinngangen. Oppdaterte prognosar vert framlagd for fylkestinget i juni ved økonomirapporteringa pr. april."

Fylkesordføraren orienterte om prosessen knytt til regionreforma, og minna om at kommunalkomiteen skal ha høyring om regionreforma 9. mai. Både forhandlingsutvalet og styringsgruppa er inviterte til høyringa.

Fylkesordføraren orienterte om innspelskonferanse om nasjonal transportplan (NTP) i førre veke. Samferdselsministeren har invitert vestlandsfylka og kommunane Bergen og Stavanger til møte om NTP 19. mai. Frå Hordaland fylkeskommune vil fylkesordføraren og leiaren av utval for miljø og samferdsel, Nils T. Bjørke, delta. Fylkesdirektør samferdsel opplyste at sak om NTP-uttale frå fylkeskommunen vert lagt fram i ekstramøte i utval for miljø og samferdsel og fylkesutvalet før fylkestinget i juni d.å.

Fylkesordføraren refererte frå møte med Hordalandsbanken på Stortinget og andre. Det er ønskje om innspel til "gryteklares" prosjekt som kan leggjast inn i komande tiltakspakkar. Omstillingsutvalet i Hordaland arbeider med brev om prosjekt som er klare for iverksetjing. Fylkesrådmannen påpeikte at både Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune har stor merksemd på problemstillinga.

OPEN TIME

Aud Karin Oen (SV) hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Statsminister Erna Solberg har uttalt i media at ein må på nytt sjå på E 39 over Stord og gigantbrua over Bjørnefjorden fordi det no ligg føre ei dobling i kostnadane. Samstundes vart det stilt spørsmål frå Høgre om kostnadane på indre trasé i førre møte. Kva er status og kva politisk initiativ vert teke i så måte?"

Fylkesordføraren svarte at det ikkje vil verte teke initiativ til å endre dei innspela som er lagt fram i samband med Nasjonal transportplan (NTP). Fylkesrådmannen opplyste at Statens vegvesen (SVV) arbeider med ny utrekning av kostnadene knytt til indre trasé.

Aud Karin Oen (SV) viste til lekkasje i pressa om at det vil kome 60 mill. kr ekstra i belønningsmidlar. Ho spurde om dette stemmer, og korleis midlane eventuelt skal disponerast. Fylkesrådmannen stadfesta at fylkeskommunen har motteke brev om ekstra midlar. Han vil komme tilbake til dette.

Sigbjørn Framnes (FrP) viste til regional plan for Kvinnherad og Stord og tok opp problemstillinga knytt til at Stord kommune har gått inn for Djupavika, som Hordaland fylkeskommune ikkje har prioritert. Han spurde korleis ein skal handtere dette. Fylkesordføraren gjorde greie for sin kontakt med ordførarane i Kvinnherad og Stord, og fylkesdirektør samferdsel opplyste at det før kommunestyremøta i neste veke vil verte utarbeidd eit notat om aktuelle problemstillingar.

Sigbjørn Framnes (FrP) viste til anbod på busskøyring i Sunnhordlandspakken og spurde om tilbydarane kan legge inn alternativ aktivitet (t.d. turkøyring) før prisen er sett. Formålet er å få ned prisen og auke ruteproduksjonen. Direktøren for Skyss svarte at dette ikkje kan gjerast fordi alle aktørane skal likebehandlast.

Roald Kvamme (A) viste til utlysing av eit nytt prosjekt "kultursats". Stortinget har løyvd 100 millionar til prosjektet i 2016 og det skal gå over 5 år. Han påpeikte at dette er eit prosjekt Hordaland fylkeskommune må søkje midlar frå. Det er fylkesmennene og Miljødirektoratet som administrerer søknadene.

Roald Kvamme (A) gjorde merksam på at Energimeldinga (Meld. St. 25 (2015-2016) Kraft til endring - energipolitikken mot 2030) er til handsaming i Stortinget. Hordaland fylkeskommune må vera offensive og koma med innspel i den politiske prosessen fram mot at innstillinga skal leggjast fram før ferien.

Silja Ekeland Bjørkly (H) viste til kampanjen "Medbyggerne" i Vestfold. Kampanjen har som mål å få kundar og handverkarar til å sei nei til svart arbeid og er eit samarbeid mellom byggbransjen, NHO, LO og offentleg sektor. Bjørkly spurde om korleis Hordaland fylkeskommune arbeider for å få folk til å handle kvitt og om det er liknande prosjekt i Hordaland. Fylkesordføraren svarte at i Hordaland arbeider Politiet, Arbeidstilsynet, NAV m.fl. målretta mot svart arbeid. Dersom problemstillinga knytt til svart arbeid vert teke opp i omstillingsutvalet i Hordaland, kan det vere aktuelt å invitere representantar for "Medbyggerne" for å presentere kampanjen.

Tom Sverre Tomren (MDG) hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Spørsmål om sanntidsapp
En del fylker deler all kollektivdata og reiseinformasjon, inkludert sanntidsdata fra kollektivtrafikken direkte på plattformer som kommuniserer direkte med de mest brukte digitale løsningene (som Google Maps og Siri). Skyss har etter det vi ser valgt en løsning som er låst til Skyss sin side.

MDG ber om en kort redegjørelse og enkel vurdering av de digitale løsningene som er valgt av Skyss til å formilde kollektivdata og reiseinformasjon. Redegjørelsen bør svare på i hvilken grad de valgte løsningene kommunisere med de vanligste digitale plattformene (for eksempel Google Maps og SIRI)."

Fylkesordføraren svarte slik:

"Skyss har per i dag én app for reiseinformasjon og en egen app for sanntidsinformasjon. Arbeidet med å slå de to appene sammen til én pågår, og vil fullføres i løpet av året. Løsningen for data i "sanntidsappen" er utviklet for å formidle planlagte avganger justert for sanntidsprognosar til Skyss sine kunder, og kan ikke sammenlignes med andre åpne løsninger.

Skyss har nylig underskrevet en avtale med Google som vil gjøre at rutedata fra Skyss også vil bli gjort tilgjengelig i Google Maps. Rutedata vil da bli distribuert til GTFS-Exchange, og herfra vil data bli tilgjengeliggjort for bruk av tredjeparter. Med SIRI forstår vi den XML-dataprotokollen som brukes for å overføre sanntidsprognosar mellom datasystemer, og ikke den SIRI som en kjenner fra mobiltelefoner og andre mobile enheter. Skyss har etablert protokoller innenfor SIRI-standarden som er i bruk i Skyss sine løsninger. Som tillegg til rutedata som vil bli levert til

Google Maps, vurderes også muligheten for å etablere protokollen GTFS-RT, som er den protokollen Google Maps mottar sanntidsprognoser på.

Skyss sine rutedata har for øvrig i mange år vært tilgjengelige gjennom Norsk Reiseinformasjon som håndhever kunngjøringsplikten for rutedata, og finnes her: <http://labs.reiseinfo.no/2013/2/8/aapne-data-fra-nasjonal-rutedatabase.aspx>."

Tom Sverre Tomren (MDG) sette på vegner av MDG fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Bergen kommune har nå innført døvetolk på bystyremøtene. Hva vil det koste å innføre samme praksis fra fylkestingsmøtene i Hordaland?

Vi ber om at det forberedes en sak på denne problemstillingen til neste fylkesting."

Fylkesdirektør økonomi og organisasjon opplyste at problemstillinga knytt til døvetolk i fylkestinget kjem med i forslag til ny tiltaksplan for likestilling, likeverd og inkludering som vil verte lagt fram for fylkestinget i juni eller oktober.

Det vart ikke røysta over om forslaget frå Tomren skulle oversendast.

21.04.2016

Program i Radøygruppen sine lokale:

- Radøygruppen: Synfaring og presentasjon
- Nordhordland handverk- og industrilag: Informasjon
- Statoil Mongstad: Informasjon

Fylkesutvalet deltok på NHO sin årskonferanse.

PS 115/16 Nyval til representantskapet i HOG Energi

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet gjer slikt val til representantskapet i HOG Energi:

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Roald Kvamme (A) gjorde på vegner av A, Sp, SV og KrF framlegg om Roald Kvamme som medlem i representantskapet for HOG Energi.

Røysting

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet gjer slikt val til representantskapet i HOG Energi: Roald Kvamme